

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F773	Knut Øyjordet	16.02.23	11/23

## ANG. DYRKINGSPARSELL VED TUVSTULEN

### *Saksdokument:*

1. Kopi av brev frå kommunen av 06.09.22 til Statskog SF. Ang. driveplikt på dyrkingsparsell.
2. Kopi av brev frå Statskog SF av 20.09.22 til kommunen. Ang. dyrkingsparsell, F773
3. Brev frå Statskog SF av 20.09.22 til fjellstyret. Ang. dyrkingsparsell F773.
4. Sak 17/21 i fjellstyret.

### *Saksutgreiing:*

Kommunen tok i fjor haust kontakt med Statskog ang. ein dyrkingsparsell ved Tuvstulen, dvs. parsell med festnr. 773, festa av landbrukseigedommen Trædet. Bakgrunnen var at det ikkje er hausta avling på parsellen i 2021 og 2022, sannsynlegvis heller ikkje i 2020. Parsellen er pløgd opp og vorte liggjande utan at det er gjort forsøk på avling. Kommunen peikar på driveplikta etter § 8 i jordlova. Kommunen skriv m.a. i brevet til Statskog at Landbruksdirektoratet har kommentert denne problemstillinga i eit brev frå 2021, der direktoratet konkluderte med at «Landbruksdirektoratet tenker derfor at det kan være naturleg at kommunen tar kontakt med Statskog dersom det er jordbruksareal i statsallmenningene som ikke blir drevet».

Kommunen skriv elles i brevet til Statskog at «det er eit dødsbo som eig landbrukseigedommen Trædet, som har fått utvist dyrkingsparsellen. Etter våre opplysningar er det ikkje sjølvstendig drift på denne eigdommen. Dyrkingsparsellen er bortleigd til Kloner AS v/Bjønne Ovren». Til slutt i brevet skriv kommunen at «Vi ber Statskog som eigar, sørge for at parsellen innan 1.1.2023 får ein drivar som tek ansvar for å sette jorda i stand og hauste avling på parsellen dei påfølgjande åra etter vanlege jordbruksfaglege prinsipp».

I svarbrevet frå Statskog til kommunen står det m.a. at Statskog er einig i at det er naturleg at kommunen vender seg til grunneigar som i.h.t. jordlova er pliktsubjekt. I tillegg må ein sjå på kva som er heimla i fjellova. Her er det gjeve særskilte reglar om utvist tilleggsjord, og fristar for å ta denne i bruk eller frist for kor lenge jorda kan bli lagt i kvile. Statskog skriv m.a. vidare i brevet:

*Fjellova § 19, jf. seterforskriften § 20 gir fjellstyret oppgaven å utvise tilleggsjord. Statskog kan ikke her tre inn i fjellstyrets sted. Av fjellova §§ 19 og 22 framgår det at utvisning av tilleggsjord som ikke er tatt i bruk innen 5 år, eller har ligget ubrukt i 5 år, faller bort. Som nevnt har jordlova og fjellova dels kryssende bestemmelser. Statskogs oppfatning er at fjellova i så måte må anses å være Lex specialis på disse punkt. Statskog vil nå videresende kommunens anmodning til Vågå fjellstyre, for videre oppfølging iht. fjellova».*

I brevet frå Statskog til fjellstyret står det m.a:

*Som kjent gir fjellova § 19 jf. seterforskriften § 20 fjellstyret oppgaven å utvise tilleggsjord. Det foreligger en korresponderende plikt for fjellstyret til å følge opp utvisingen. Denne oppfølgingen går blant annet ut på å ta stilling til om tilleggsjorda har blitt liggende ubrukt i sammenhengende 5 år. Bortleie kan ikke tre istedenfor bruk.*

*Har den som har fått utvist tilleggsjord ikke benyttet denne i 5 sammenhengende år, faller utvisingen bort. Fjellstyret bør da varsle tidligere rettighetshaver om bortfallet, og deretter lyse tilleggsjorda ut på nytt.*

*Det bes om at fjellstyret følger opp anmodningen fra kommunen, og melder tilbake hvilken prosess en ser for seg. Statskog ber om å bli orientert.*

Fjellstyrelederen og dagleg leder hadde eit møte med Arvid Aukrusttrædet ang. denne parsellen i desember 2021, samt eit møte med Bjønne Ovren i Klonas AS i juni 2022, der også landbrukssjef Per Ivar Weydahl deltok. Bakgrunnen for desse møtene var at parsellen ikkje har vore nytta dei seinare åra.

Om vidare prosess i kartlegging av status på setrer og dyrkingsparsellar og med vidare oppfølging, vedtok fjellstyret følgjande i sak 17/21:

*Fjellstyret vil jamleg ta ein gjennomgang av status på bruk av setrer og dyrkingsparsellar, med innhenting av opplysningar både frå landbrukskontoret og frå den enkelte brukar dersom det er nødvendig.*

*I oppfølging av slik gjennomgang, vil fjellstyret med bakgrunn i reglane i fjellova og seterforskrifta, samt tidlegare praksis, definere bortleige av seterkve og av dyrkingsparsell som «ikkje i bruk». Beiting med eigne dyr, eller at seterkvea/dyrkingsparsellen blir hausta, anten til eige bruk eller for sal av fôr, er definert «i bruk». Slik bruk må vera knytt til ei jordbruksmessig drift av garden. Fjellstyret kan om nødvendig krevje dokumentasjon på dette, som t.d. produksjonstilskot, næringsoppgåve eller liknande.*

*Dersom ei seter har hatt status «ikkje i bruk» i over 20 år samanhengande, og ein dyrkingsparsell i over 5 år samanhengande, vil fjellstyret følgje opp med frifallsak. I saker der det ligg an til at det blir vedtak om frifall, kan det vere aktuelt med ein prat med jordbrukaren på førehand. I særskilde tilfelle kan fjellstyret utsette behandling av ei frifallssak, som t.d. pga. helsemessige årsaker til jordbrukaren, generasjonsskifte «på gang» eller sal av garden.*

**Vurdering:**

Vi er kjent med at Aukrusttrædet og Klonas AS inngjekk ei 10 års leigeavtale for denne parsellen i august 2017. At ein dyrkingsparsell i statsallmenningen er bortleigd er ikkje noko nytt. Men det spesielle i denne saka er at det dreier seg om ein parsell som ikkje har vore driven siste åra. Kommunen har varsla Statskog om dette pga. reglane i jordlova, og Statskog har bede fjellstyret om å følgje det opp. I og med at parsellen nå har vore bortleigd i over fem år, og leigetakaren heller ikkje har drive jorda alle desse åra, er det naturleg, og også fjellstyret si plikt å følgje opp saka.

**Innstilling til vedtak:**

For dyrkingsparsell på festnr. 773 ved Tuvstulen viser fjellstyret til § 22 i fjellova om at rett til utvist tilleggsjord fell bort når den i fem år samanhengande ikkje har vore i bruk. Fjellstyret er kjent med at denne parsellen har vore bortleigd sidan august 2017, dvs. i over fem år, og at den heller ikkje har vore dreven siste åra etter at den vart pløgd opp. Med bakgrunn i fjellstyrevedtak i sak 17/21 og i brev frå Statskog av 20.09.22 til fjellstyret meiner fjellstyret at retten til denne parsellen har falle bort. Fjellstyret vil følgje opp frifallet med å lyse ut parsellen for bruksretten på vanleg måte.

**Vedtak:**

Samrøystes: For dyrkingsparsell på festnr. 773 ved Tuvstulen så utset fjellstyret behandlinga av spørsmålet om retten til denne parsellen har falle bort. Fjellstyret vil før ny behandling innhente opplysningar om planar for drifta av gardbruket framover og med eventuelt bruk av denne parsellen.

Fordi det ikkje har vore hausta avling på parsellen siste åra etter at den var pløgd opp, meiner fjellstyret det er viktig at istandsetting av parsellen nå blir fullført. Fjellstyret viser også til innspel frå kommunen og Statskog ang. dette. Det blir sett ein frist 1. november 2023 for istandsetting.

*Rett utskrift. Går til:*  
Arvid Aukrusttrædet  
Statskog SF  
Vågå kommune

Vågåmo, 16.02.23

Knut Øyjordet (e.f)